

Sak til Samarbeidsutvala/-rådet

Går til: Samarbeidsutvala
Dato: 09.12.20
Sakshandsamar: Pål Ove Vadset
Saka gjeld: Orientering om pasientforløp for planlagde innleggingar i tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB)
Saksnummer: 54/20

Bakgrunn

Vinteren 2018 vart det satt i gang eit prosjekt med å utarbeide og innføre eit standardisert forløp for planlagde innleggingar i TSB. Bakgrunnen for prosjektet var å sikre lik praksis for når pasientar får tilbod om planlagd døgnbehandling i TSB i Bergensområdet. Einingane som i fellesskap starta opp prosjektet var dåverande Bergensklinikken, Crux Kalfaret behandlingssenter, Bergen kommune og Helse Bergen HF.

Føring for prosjektet har vore at forløpet må basere seg på tenesteavtale 3 og 5 for psykiatri og rus i Helse Bergen området, samt nasjonalt pakkeforløp for utgreiing og behandling i TSB, som var planlagd innført i alle einingar i 2018. Det nasjonale pakkeforløpet må likevel operasjonaliserast og detaljerast ut frå dei lokale forholda i Bergensområdet, og det er mellom anna gjort i forløpet for planlagde innleggingar i TSB.

Mål og leveransar for prosjektet

Det overordna målet med prosjektet har vore at: Pasientar i Bergensområdet som har størst behov og nytte av ei planlagd innlegging i TSB, skal få det utan ugrunna opphald. Dei skal oppleve eit føreseieleg og likeverdig pasientforløp i både kommune- og spesialisthelseteneste.

For å nå målsettinga har prosjektet hatt følgjande leveransar:

- felles kriterier for når ein pasient skal få tilbod om planlagd innlegging med døgnopphald
- rutine for samhandling mellom dei ulike aktørane i pasientforløpet
- likeverdig utgreiings- og behandlingssopplegg under innlegging
- felles kriterier for når ein pasient er utskrivningsklar

Innføring av forløp for planlagde innleggingar i TSB

Forløpet for planlagde innleggingar i TSB er testa ut i haust, og forløpet vart godkjent i styringsgruppa 16. nov 2020. Det står fortsatt att nokre forbettringsoppgåver knytt til forløpet, men det er no innført i Helse Bergen HF og Crux Kalfaret behandlingssenter. Vedlagt fylgjer flytskjema og tekstleg beskriving av forløpet.

Ramma for forløpet er lagt gjennom det nasjonale pakkeforløpet, men prosjektet har særleg jobba med konkretisering av lokale kriterier knytt til døgninnleggingar. Bergen kommune har deltatt i arbeidet, då det største volumet av pasientar kjem herfrå. Forløpet vil likevel gjelde alle kommunane i Helse Bergen HF sitt opptaksområde. Det inviterast difor til å gje eventuelle innspel til forløpet og innføringa av det.

Forslag til vedtak:

Samarbeidsutvalet for Bergensregionen tek saka til orientering.